

**SKRIFTLIG FORKLARING FOR HØYESTERETT**

Saksnr: 20-051052SIV-HRET  
Dato: 28. september 2020  
Navn: Gaute Eiterjord  
Adresse: Borggata 4  
Født: 15.12.1995  
Stilling: Student

**Forklaringen er avgitt med utgangspunkt i transkripsjon av Gaute Eiterjords forklaring for Borgarting lagmannsrett i november 2019. Gaute Eiterjord har gjennomgått transkripsjonen, og gjort enkelte tilpasninger og nedkortinger.**

Gaute Eiterjord gikk av som leder i Natur og Ungdom i januar 2020.

**1. KAN DU FORKLARE OVERORDNET OM NATUR OG UNGDOM?**

**Svar:** Eg er leiar i Natur og Ungdom, ein miljøorganisasjon for unge. Me har ei aldersgrense på 25 år, når du er eldre blir du meldt ut. Me har 9000 medlemmar, og rundt 70 lokallag. Dei fleste aktive medlemmane våre er i vidaregåande skulealder, og har ikkje fått stemmerett endå. Me er ein demokratisk medlemsorganisasjon. Alle medlemmane våre har mogleghet til å engasjere i lokallag, og avgjerder i organisasjonen blir tatt i lokallag, landsstyret, sentralstyret eller på landsmøtet. Landsmøtet er det høgste organet vårt, der lokallaga møtest for å bestemme kva me skal jobbe med nasjonalt.

Føremålet for organisasjonen vår er som det står i vedtektene, og eg siterer: «Natur og ungdom [...] har som formål å arbeide for framsynt disponering av, vern om og jevnere fordeling av verdens ressurser, gjennom opinionsskapende og aktiviserende arbeid blant ungdom». Det er dekkande for det me gjer. Me er ein plass kor miljøengasjert ungdom kan møtast og jobbe med saker sjølv – med miljøpolitikk, lokalt og nasjonal.

Særleg det siste året har me opplevd stor tilstrøyming av ungdom som vil gjere noko. I takt med at miljøproblema blir meir alvorlege og omfattande er det mange som opplever stor bekymring, og ikkje vil sitt stille og sjå på at det skjer, men har lyst å engasjere seg. I Noreg er det vanleg å engasjere seg i ungdomsorganisasjonar, og me er den største miljøorganisasjonen for unge.

Det siste året har det vore mykje merksemd om miljø og om ungt miljøengasjement. Vår organisasjon har organisert veldig mange av klimastreikane, der skuleelevar har forlate skulen for å demonstrere mot manglande klimahandling. Me har òg fått mykje merksemd for arbeidet vårt mot dumping av gruveslam i fjordane våre. Arbeidet vårt har blitt lagt merke til, i vår fekk me Fritt ordprisen saman med Greta Thunberg. Grunngevinga for å få prisen var arbeidet vårt for miljø gjennom mange år, og arbeidet med å gjere miljøkampen handlingsretta og mobiliserande.

## **2. KAN DU FORTELLE HVORDAN NATUR OG UNGDOM HAR JOBBET MED 23. KONSESJONSRUNDE?**

**Svar:** Vårt oljearbeid går, i likskap med mange andre miljøorganisasjonar i Noreg, tilbake til 1980-talet og debatten om oljeboring nord for 62. breiddegrad. Sidan den gong har oljeindustrien gått ein del breiddegradar lengre nord, men me har lenge jobba for å sikre verdifulle naturområde langs kysten og i havområda våre mot den forureininga og utsleppa oljeindustrien står for. Me har jobba for å ta vare på Barentshavet i mange tiår, og mellom anna engasjert oss mot utbygging av Snøhvitfeltet, fordi me meinte det blei feil å utvinne gass og tilføre så store mengder drivhusgassar til atmosfæren. Me har også jobba mot Goliat-feltet, og jobbar stadig mot konsesjonsrundar og utvinningsløyve.

23. konsesjonsrunde var eit ekstra omfattande arbeid for oss, for det var første gong på 20 år at eit nytt område blei opna for oljeverksemd. Dette hadde ikkje skjedd sidan 1994. Barentshavet søraust blei opna 2013, og 23. konsesjonsrunde blei tildelt i 2016. Den saka blei viktig for oss i organisasjonen. Eg byrja i Natur og Ungdoms sentralstyre i 2014, og allereie då hadde me jobba med Barentshavet søraust lenge. Me hadde eit omfattande arbeid med høringsprosessen til 23. konsesjonsrunde. Me jobba for å få fram miljøfaglege råd som åtvare mot oljeboring på mange av desse oljeblokkene. Det gjaldt særleg dei i iskantsonen, som Norsk Polarinstitut og Miljødirektoratet åtvare mot at skulle bli opna.

Me skreiv lange høringsvar, var på møte med politikarar frå fleire parti, og hadde mange aksjonar. Faktisk tok alle våre lokallag og søkte sjølv om utvinningsløyve i denne konsesjonsrunden. Me søkte og lova garanti om at me ikkje ville ha nokre utslepp dersom me skulle bli tildelt utvinningsløyva, for me kom ikkje til å bruke utvinningsløyva rett og slett. Det meinte me var det forsvarlege. Vårt arbeid med 23. konsesjonsrunde var ikkje noko som byrja med søksmålet, det var noko me hadde jobba med i lang tid. Då 23. konsesjonsrunde blei utdelt våren 2016 følte me at me hadde brukt alle dei formelle prosessane me hadde for å påverke dei som tok avgjerder. Me hadde følgt boka, i alle ledd, men såg at miljøfaglege råd ikkje blei lytta til, dei blei overkøyrte av Olje- og energidepartementet då dei delte ut 23. konsesjonsrunde.

## **3. KAN DU FORKLARE HVORFOR NATUR OG UNGDOM VALGTE Å SAKSØKE STATEN? DET ER VEL IKKE NOE DERE VANLIGVIS GJØR?**

**Svar:** Det er det ikkje. Kvifor valde me å delta som part i søksmålet? Det korte svaret er at dette klimasøksmålet handlar om vår framtid, fordi i Noreg er oljeindustrien den største bidragsytaren me har til den urettvise klimakrisa som allereie trugar livsgrunnlaget til menneske over heile kloden og allereie har endra naturen på mange måtar. For oss er det klart at viss Noreg som nasjon skal ta ansvar for å løysa klimakrisa så må me ta tak i oljeindustrien vår. Når alle forskarane som jobbar med klima er klare på at me allereie har funne meir olje og gass enn me kan bruke, heng det ikkje på greip at me skal leite etter endå meir olje og gass.

Dei lisensane me snakkar om i dette søksmålet er ikkje oljeproduksjon som skal starte i morgon. Det tar 10 til 15 år frå du gjer eit oljefunn til du utviklar feltet. Me snakkar om utvinning av fossil energi langt inn i framtida. Om 10-15 år – viss me skal løyse klimakrisa – må me ha kutta utsleppa ganske drastisk. Og då kan me ikkje starte med å utvinne endå meir fossil energi. I alle fall ikkje i sårbare område i Barentshavet.

Som eg var inne på prøvde me å få fram at dei miljøfaglege råda åtvare mot oljeboring i desse områda på grunn av risiko for ulykker og sårbar natur. I Natur og Ungdom har me sjølv vore til stades i Barentshavet i desse områda. I fjor sommar var det ein gjeng i vår organisasjon som segla langs heile kysten opp til Bjørnøya, rundt omkring i Barentshavet, for å lage ein dokumentar som heiter Ekspedisjon Barents. Føremålet vårt med å lage den dokumentaren var å vise fram kva slags natur som ennå finst her, som det er så utruleg viktig at me tar vare på. Og det er så vanvittig mykje liv i Barentshavet – så mange sjøfugl, så mykje fisk, kval. Og det er alt livet me ikkje ser, som er under vatn i iskantsonen – all den yrande algeoppbløminga som i tur skaper eit heilt unikt økosystem. Som Frode var inne på har me eit heilt spesielt ansvar i Noreg for å ta vare på desse områda.

Barentshavet er under press i dag frå mange kjelder. Oppvarming av kloden går dobbelt så raskt i Arktis som på resten av jorda. Det er aukande skipstrafikk, fiskeri, og mange trugsmål mot livet i Barentshavet. Viss me skal ta vare på den sårbare naturen der kan me ikkje introdusere oljeindustrien som endå eit trugsmål.

Når me diskuterte om me skulle vere part i dette søksmålet så landa me vel til slutt på at me hadde ikkje noko val, når det er så mykje som står på spel. For det er framtida vår det er snakk om. Politikarane som me har i dag som sit og styrer – dei lyttar ikkje til klimavitskapen, som seier at olja må bli liggande. Kvar dag som norske politikarar fortset å leite etter fossil energi, gjer dei framtida vår vanskelegare. Kvar dag me fortset ei så omfattande utvinning av olje og gass i Noreg, får me som er unge det vanskelegare. Kunnskapen og forskinga er veldig klar på at me har funne meir olje og gass enn me kan bruke. Me kan ikkje leite etter meir – olja må bli liggande.

Det er det som er så frustrerande. Mange i Noreg i dag trur me er så flinke i klimapolitikken, fordi me har så mange el-bilar og me bruker så mykje pengar på å få andre land til å ta vare på regnskogen sin. Samstundes er me verdas 7. største eksportør av fossile utslepp. Det gjer oss til ein netto bidragsytar til klimakrisa. Det å tru at me er eit føregangslan på klima – samstundes som me er verdas 7. største eksportør av utslepp – det vil eg seie er den norske livsløgna.

#### 4. HVORDAN TOK NATUR OG UNGDOM AVGJØRELSEN OM Å SAKSØKE STATEN?

**Svar:** Som eg var inne på er me ein demokratisk medlemsorganisasjon. Det er landsmøtet som er høgste organ, mellom landsmøta er det landsstyret som fattar viktige avgjerder. Etter Grunnlova blei oppdatert i 2014 – både i ny språkdrakt men også ved at §110b blei §112 – deltok me i diskusjonen som var mellom miljøorganisasjonar og juristar om moglegheita for eit klimasøksmål i Noreg. Då det blei klart at det var ønske om å ha eit slikt søksmål, hadde me grundige disk i vår organisasjon om fordelar og ulemper med å vere ein part. I løpet av våren 2016 landa me på at me ønska å vere part, og det var til slutt landsstyret vårt som fatta den avgjerda

Som eg var inne på vog det tungt at 23k og dei løyva til å utvinne olje og gass er noko som rammar vår grunnlovsfesta rett til eit leveleg miljø. §112 er veldig tydeleg på at alle borgarar har rett til eit sunt og helsesamt miljø, og at me skal trygge den retten for etterslekta. Me lever jo i dag, men me tenker også på dei som kjem etter oss, på etterslekta. Og for oss representerer 23. konsesjonsrunde og oljeboring i Barentshavet Søraust ei gigantisk feilinvestering av fellesskapets ressursar. Både med tanke på klimagassutsleppa det vil føre til, men og den økonomiske risikoen staten tar med leiting etter olje og gass i Barentshavet.

For her snakkar me om fellesskapets ressursar. Me snakkar om mine skattepengar – me snakkar om unges skattepengar – i framtida. Og når me gjennom dette søksmålet har avdekka at lønsemda med oljeboring her er grovt overvurdert av styresmaktene så blir det for meg ekstra feil at me skal tillate det. For det er me som er unge som må ta kostnaden av at me investerer pengar i oljeboring som både skadar klimaet og attpåtil ikkje kjem til å vere lønsam. For allereie føler me som er unge at me arvar nok miljøproblem. Allereie så føler me at me kjem til å vakse opp resten av århundret med at naturen blir forandra på måtar me aldri har sett for oss – med at menneske over heile kloden vil miste livsgrunnlaget sitt.

Det blir tatt så mange avgjerder av politikarar som påverkar vår framtid som me ikkje får vere med og bestemme over. Og det kjenst grovt urettferdig som ung å vakse opp med den erkjenninga at allereie har det gått så langt at det vil vere utruleg kostbart og krevande å løyse klimakrisa. Og attpåtil så pøser norske politikarar på med meir av det som har skapt problemet.

Det var bakgrunnen for at me valde å bli part i dette søksmålet. Me følte me ikkje hadde noko val.

## **5. ER DET NOE DU AVSLUTNINGSVIS HAR LYST Å SI FOR Å SUPPLERE HVORFOR SAKEN OPPTAR UNGDOM?**

**Svar:** Eg kan legge til litt meir på det. I mange år har nok klimakrisa opplevd som eit litt fjernt miljøproblem for ein del folk, men for medlemmar i vår organisasjon er ikkje klimakrise eller naturkrise noko som er fjernt. Barn og unge er skikkeleg bekymra. Det er berre å snakke med helsesyster og helsebrør rundt omkring på skular, så får du høre at noko av det unge kjem mest og snakkar om nå når dei er bekymra – det er statusen for verdas miljø. Det er det som opptar oss, det som bekymrar oss, det som gjer at me ikkje får sove om nettene. Det er stadig vanlegare for unge å slite med psykiske plagar på grunn av klimakrisa.

Dette ser me òg i vår eigen organisasjon – medlemmar opplever klimakrisa på nært hald. Me har medlemmar i vår eigen organisasjon som har opplevd at husdyra på garden måtte slaktast på grunn av fôrkrisa i fjor sommar – det var ikkje nok fôr til å ha husdyr på garden lenger. Me har medlemmar i vår organisasjon som har opplevd at vennar og kjente har blitt tatt av skred på Svalbard, som følgje av tinande permafrost.

Den kjensla av at allereie har det gått så langt, og at tiltaka for å løyse klimakrisa finst men ikkje blir nytta av politikarane, det mobiliserer ungdom som aldri før, det har me sett gjennom dette året. Det er eit vanvittig stort miljøengasjement hos barn og unge, som for alvor tok av etter Greta Thunberg

starta med klimastreikane. Det siste året har me mobilisert fleire unge til miljødemonstrasjonar enn nokosinne før. Kan for så vidt nemne at Greta Thunberg har valt å støtte dette klimasøksmålet. Me gjer det fordi ungdom opplever urett. Fordi vår grunnlovsfesta rett til eit sunt og helsesamt miljø ikkje blir respektert. Me som er unge får ikkje like stor moglegheit som dei vaksne har hatt til å leve gode liv på denne kloden, med mindre me klarer å løyse klimakrisa. Og det at tiltaka finst, men blir ikkje brukt, det er noko av det mest frustrerande.

Det vanvittig store miljøengasjement hos barn og unge – og det me vil seie med det, er at me vil ha konkrete tiltak, me vil ikkje ha fleire tomme løfte frå politikarane. Og 23. konsesjonsrunde er eit av dei fremste døma på korleis vår grunnlovsfesta rett til eit sunt miljø blir ignorert, eit av dei fremste døma på overtrampa som blir utført mot unge. Avslutningsvis vil eg berre seie at dette søksmålet handlar om mi framtid og framtida til alle barn og unge. Og makta over vår framtid, den ligg i hendene dokkar. Takk.